



Statens vegvesen

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Behandlande eining: Region vest	Sakshandsamar/telefon: Unn Jenny Utne Kvam / 55516243	Vår referanse: 16/63506-4	Dykkar referanse: 14/599 - 16/20924	Vår dato: 21.12.2016
------------------------------------	---	------------------------------	--	-------------------------

Uttale – Offentleg ettersyn – Reguleringsplan Holme forretningsområde – gnr. 10 bnr. 85 m.fl. – Meland kommune

Vi viser til dykkar brev datert 02.11.2016 og uttalefrist 27.12.2016.

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riks- og fylkesveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Statens vegvesen har delteke i planprosessen som gjeld endring av reguleringsplan for Holme forretningsområde, og fråvik frå vegnormalane har blitt godkjent av fråviksnemnda i Region vest.

I saksutgreiinga er kommune-administrasjonen kritisk til den løysinga for undergang som planframlegget legg til rette for. Det har både i denne planprosessen og i samband med den førre planprosessen for området vore drøftingar om val av løysing for korleis mjuke trafikantar skal krysse fv 564 her. Nedsett fartsgrense og kryssing i plan har blitt vurdert, men med bakgrunn i m.a. transportfunksjonen til fv 564 og tilhøva på staden ligg det etter vegvesenet si vurdering ikkje til rette for ei slik løysing her. Vi har også drøfta saka med Hordaland fylkeskommune som vegeigar, og fått tilslutning til våre vurderingar frå dei.

Trafikksikringstiltak ved Holme inngår som ein del av bompengesøknaden Nordhordlandspakken. Kommune-administrasjonen meiner at kryssing i plan med nedsett fartsgrense må vurderast på nytt i samband med vegpakken. Med bakgrunn i planframlegget som er på høyring, og avklaringane som har kome i planprosessen, kan ikkje Statens

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

vegvesen sjå at det er grunnlag for å ta denne problemstillinga opp på nytt i samband med gjennomføringa av tiltaka i Nordhordlandspakken.

Når det gjeld dei delane av planen som ikkje omfattar fylkesveganlegget, så er vegvesenet samd i kommune-administrasjonen si tilråding om å redusere talet parkeringsplassar for bil og i staden bruke noko av arealet som er sett av til bilparkering til andre føremål, slik som bord, benkar, sykkelparkering, tilplanting o.a. Særleg i områda SPA2 og SPA3 kan ei slik endring etter vår vurdering gjere området meir attraktivt for mjuke trafikantar.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Unn Jenny Utne Kvam
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune – Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN